

Skikrinsstyret@

Sakshand.: KD/FÅ

Dato: 23.05.2022

Arkivk.: styret/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL MØTE NR. 08 I SKIKRINSSTYRET, 2021-2023
--

Stad: Thon Jølster Hotell

Tidspunkt: Måndag 23. mai 2022, kl. 17.00-17.50

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 59 21-23

Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 60 21-23

Godkjenning av protokoll nr. 07 21-23 frå Skikrinsstyret

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 61 21-23

Nytt medlem i alpinksjetteen

SAK 62 21-23

Jubileumskomite

SAK 63 21-23

Skikringsjinget 2022

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Anders Engeland, Roger Ellingsund, Tor Arne Hov, Tonje Tangerud, Anne Marie Svarstad, Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL:

MERKNADER: Melanie Hetkamp-Andersen med som observatør, Sigrid Snuggerud frå Skistyre med som observatør frå SAK 63.

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 59 21-23

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 60 21-23

Godkjenning av protokoll nr. 07 21-23 frå Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 07 21-23 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protkoll nr. 07 21-23.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 61 21-23

Nytt medlem i alpinkomiteen

Bakgrunn

Melanie Hetkamp-Andersen har fått jobb i skikrinsen og må jamfør §8 tre ut av tillitsvald verv i alpinkomiteen.

Alpinkomiteen har gjort vedtak om å finne ny representant til komiteen, for å halde komiteen fulltallig.

Jamfør §16-9 e, er det Skikrinstinget si oppgåve å gjere val av nestleiar og medlemmar av fagkomiteane i skikrinsen, alternativet er at Skikrinstinget gjev Skikrinsstyret fullmakt til å oppnemne desse.

Leiar i valkomiteen er informert og ønskjer Skikrinsstyret si tilbakemelding på saka.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at ein ikkje trenger ekstraordinært skikrinsting for val av ny representant i fagkomiteen alpint. Alpinkomiteen gjer framlegg til ny representant som blir godkjent ved eit vedtak i Skikrinsstyret. Leiar i valkomiteen vert orientert fortløpande om framlegg til ny representant og vedtak gjort av Skikrinsstyret.

Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om å foreslå endring i val av fagkomiteane med at det blir vald varamedlem til alle fagkomiteane ved Skikrinstinget.

SAK 62 21-23

Jubileumskomite

Bakgrunn

Inge Fænn har takka ja til leiarfunksjon i jubileumskomiteen som blir oppretta i samband med Skikrinsen sitt 100 års jubileum i 2023. Inge har også foreslått Per Birger Lomheim som komitededlem.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at jubileumskomiteen består av Inge Fænn som leiar, og Anders Engeland, Lilly Schøyen og Per Birger Lomheim som medlemmar.

SAK 63 21-23

Skitinget 2022

Bakgrunn

Norges Skiforbund avviklar Skitinget 2022 i Molde 11.-12. juni.

Sogn og Fjordane Skikrins har 4 delegatar til Skitinget, Elisabeth Sætren har fått forespørsel om å delta, men har ikkje moglegheit til å vere med. Skikrinsstyret bør finne ny representant til Skitinget. Ihht. kjønnsfordeling må representanten vere kvinne.

Påmeldingsfrist til Skitinget er 23. mai 2022, kl. 23.59.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Fredag 20. mai offentliggjorde Skistyret sin innstilling for forslag til saker på Skitinget. Saksdokument er sendt ut på e-post tidlegare. Sogn og Fjordane Skikrins har sendt inn forslag til 2 saker. Skikrinsstyret drøftar alle aktuelle saker i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at leiar får fullmakt til å jobbe vidare med forslaga med andre kretsar. Om det vert aktuelt å gjere endringar i forslag blir det lagt fram for Skikrinsstyret for godkjenning.

Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om å finne ny representant til Skitinget.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef